## Ikke nok utdannelse i egne fag

**SKOLE.** Nye tall fra Grunnskolens informasjonssystem (GSI) bekrefter tidligere undersøkelser om at en stor andel lærere i norsk skole ikke har god nok kompetanse i fagene de underviser i.

Tallene viser at 48 prosent av engelsklærerne, 38 prosent av matematikklærerne og 26 prosent av norsklærerne ikke oppfyller dagens kompetansekrav. Det er første gang kommunene har rapportert inn hvor mange lærere som mangler full kompetanse. ©NTB



FOTO: NTB SCANPIX

Monica Mæland (H).

## – Uhørt å gripe inn

**TELENOR.** Næringsminister Monica Mæland (H) vurderte aldri å gripe inn overfor Telenor-styret da hun 4. mai i år fikk vite at det kun var menn som var aktuelle som ny konsernsjef etter Jon Fredrik Baksaas.

– Det ville være helt uhørt og i strid med våre eierprinsipper, sa næringsministeren i Stortinget fredag, under et replikkordskifte i forbindelse med behandlingen av budsjettet. Mæland gjentok at hun trodde at det var kvinner blant kandidatene til toppjobben. ©NTB



* KYLLINGMARKNADEN

# Skuldar Listhaug for vraking av kyllinghus

**Slutt:** Kyllingbonde Åge Andre Brømnes i Arendal i Aust-Agder er blant bøndene som har lang transportveg til slakteriet og som ser seg nøydd til å leggje ned. Han veit ikkje kva han skal bruke det

**Fleire tillitsvalde blant Nortura-bønder gir landbruksministeren skulda for at mange kyllinghus i distrikta må vrakast. Åge Andre Brømnes gir seg i januar.**

**ARENDAL.** Ein av landets største kyllingaktørar, bondeeigde Nortura, slit med stor overkapasitet og har bestemt seg for å betale bønder for å slutte. Styreleiar Sveinung Svebestad sa i Nationen i går at det er behov for å kjøpe ut produsentar tilsvarande om lag 8,5 millionar kyllingar, eller mellom 75 og 150 av Norturas rundt 500 kyllingbønder.

Ein av bøndene som har tenkt å takke ja til tilbodet er Åge Andre Brømnes. Han er kyllingprodusent i Arendal i Aust-Agder og sit også i fagutvalet for fjørfekjøtt i Nortura.

– Eg er blant dei som må slutte. Det er bønder i distrikta som blir kjøpt ut. Slik situasjonen har blitt, så kan ikkje Nortura drive med langt høgare transportkostnader enn konkurrentane. Utkjøp av produsentar er ganske dramatisk, men nødvendig. Hovudansvaret må Sylvi Listhaug ta. Det er ho som har lagt premissane og dobla konsesjonsgrensa. Kjedene følgjer opp og presser Nortura, som ikkje har noko val, seier Brømnes.

### Kroken på kyllingdøra

Brømnes seier han har investert mellom 4,5 og 5 millionar kroner i kyllinghuset, som stod ferdig for





rundt sju år sidan. Huset på over 1000 kvadratmeter har kapasitet til å produsere 160.000 kyllingar i året. Om ein månads tid reknar han med det er kroken på døra.

– Det blir iallfall ein månad til. Etter det veit eg ikkje kva eg skal gjere med bygget. Eg har lenge levd i håpet om at eg kunne halde fram med kylling, men nå ser eg ikkje annan utveg enn å slutte, seier Brømnes.

Han har framleis gjeld på kyllinghuset. Sluttpakken Nortura tilbyr seier han hjelper litt.

– Det er ikkje meir enn det må vere. I den situasjonen næringa er i, er det derimot ikkje økonomi til å gi noko særleg meir. Eg håper kanskje Innovasjon Norge kjem på banen og kan hjelpe med omstilling, seier han.

### Kritiserer Listhaug

Sjølv har han også 28 ammekyr i tillegg til kyllingen. Å utvide med storfe, slik Listhaug har råda kyllingbønder til, ser han ikkje som eit alternativ.

– Her i området er det ikkje meir ledig areal. Uten nok beiteareal, forsvinn heile økonomien i produksjonen, seier han.

Brømnes seier det er doblinga av konsesjonsgrensa for kylling som er årsaka til situasjonen.

– Rammevilkåra er snudd på hovudet og det som skjer er ein rein konsekvens av doblinga i konsesjonsgrensa. Alle visste det ville ende med ein strukturdebatt, men få rekna med at det ville skje over natta. Det er trist at vi har ein minister som berre er opptatt av billig mat, og ikkje av bondens ve og vel, seier Brømnes.

### – Tap på over 250.000

Utkjøpet av bønder blir finansiert av dei attverande kyllingbøndene til Nortura. 40 øre i trekk per kilo blir fort nærare 50.000 kroner i året per bonde, ifølgje Fjørfelaget. Arnt Ove Løvås, som

**KYLLINGKRITIKK**

«Hovudansvaret må Sylvi Listhaug ta. Det er ho som har lagt premissane og dobla konsesjonsgrensa.»

ÅGE ANDRE BRØMNES
KYLLINGBONDE SOM MÅ LEGGJE NED

## Rekordkvote for kongekrabbe

**FISKE.** Fiskarar som fiskar kongekrabbe kan neste år sjå fram mot ei kraftig utviding av kvotane og dermed også i fangstinntektene.

Etter det Fiskeribladet Fiskaren kjenner til, blir kvotane for kongekrabbe utvida frå to til fem tonn for kvar fiskar. Det betyr at kvar fiskar kan auka fangstinntektene sine frå 240.000 til opp mot 600.000 kroner, fortel avisa. I snitt har fiskarane i haust fått rundt 109 kroner per kilo for kongekrabbe hos Norges Råfisklag. ©NPK



FOTO: NTB SCANPIX

## Kristiserer for trafikkulykker

**POLITIET.** Politiets saksbehandling av dødsulykker i trafikken vitner om manglende styring, ledelse, prioriteringer, kompetanse og kvalitet i arbeidet, ifølge en rapport utført for Riksadvokaten.

En arbeidsgruppe har gjennomgått politiets håndtering av alvorlige trafikkulykker i 2012.

I 70 prosent av dødsulykkene tok ikke politiet alkoholtest, og i halvparten av sakene var avhørene av «kritisk dårlig» kvalitet. Av dødsulykkene med overlevende gjerningsmann ble hele 39 prosent av sakene henlagt. ©NTB



over 1000 kvadratmeter store kyllinghuset til. FOTO: RAGNHILD BRØMNES

### Fakta

**Kyllingmarknaden**

* **Kyllingproduksjonen har gått** ned rundt 15%. Mange kyllinghus må stå tome, noko som i snitt gir 250.000 kr i inntektssvikt pr årsverk.

* **Den Stolte Hane,** eigd av Scandi Standard, vann avtalen om å levere til Coops tidlegare Ica-butikkar. Deira kyllingbehov aukar og det blir bygd nye kyllinghus. Nortura får tilsvarande mindre sal. Norsk Kylling har òg stor reduksjon i produksjonen.

* **I motsetning til** for dei fleste andre kjøttslag er det ikkje lenger marknadsregulering eller mottaksplikt på kylling.

* **Konsesjonsgrensa blei frå** nyttår dobla til 280.000 kyllingar per bruk per år.




Nationen i går.

er tillitsvald for Nortura-bønder i Midt-Norge, seier alle kyllingbønder tapar på situasjonen.

– Her er ingen vinnarar, berre taparar og mange skjebnar. Produksjonsøkonomien er kraftig svekka, seier Løvås.

Han anslår at alle prisendringane og trekka som har kome på litt under eitt år har svekka økonomien til kyllingbønder i Trøndelag med over ein kvart million kroner i snitt.

– Det er knapt meir igjen å leve av eller økonomi til omstilling, seier han.

Medan Listhaug har sagt at auka konsesjonsgrense vil gi fleire heiltidsbønder, seier Løvås det motsette skjer.

– Resultatet er fleire deltidsbønder når bønder som før kombinerte kylling med til dømes mjølk nå må slutte med kylling, seier han.

Årsaka til situasjonen seier han er doblinga av konsesjonsgrensa.

– Det kjem av konsesjonsendringa. Kjedene føreset at prisen skal setjast etter ny grense. Vi har ikkje anna val enn å tilpasse oss, seier han, som sjølv er kjøpt ut minst for det neste året.

### Forsvarar doblinga

Nationen har bede landbruks- og matminister Sylvi Listhaug (Frp) om kommentar til at Nortura-tillitsvalde gir doblinga av konsesjonsgrensa skulda for situasjonen. Ho svarar slik:

«Kyllingmarkedet har vokst svært sterkt over lang tid. Til tross for at kylling er trygg å spise, ble det gjennom diskusjonen omkring antibiotikaresistens skapt et inntrykk av usikkerhet omkring mattryggheten i kyllingprodukter. Dette er hovedårsaken til problemene vi ser i dette markedet nå, og som Nortura og de andre aktørene må håndtere. I tillegg har Nortura mistet markedsandeler etter at Ica ble kjøpt opp av Coop. Dette bidrar også til at de må redusere sin produksjonskapasitet», skriv ho.

Listhaug skriv at konsesjonsgrensa blei auka for at kyllingprodusentane sjølv skal kunne tilpasse produksjonsomfanget.

«Med de gamle reglene var det mange som følte at de var underlagt en slags tvungen deltid», skriv Listhaug, som også skriv at den store etterspørselssvikten næringa har opplevd ville vore svært krevjande å handtere i ein kvart marknad.

**BJARNE BEKKEHEIEN AASE**
bjarne.aase@nationen.no

BONDEBØRS

# Epler og grønnsaker i den søte førjulstid

**Salget av de tradisjonelle julegrønnsakene øker betydelig frem mot jul.**

Tilgangen er rikelig for de fleste slagene, men rosenkål finnes i mindre mengder enn normalt. Flotte norske epler, som ble satt til side i høst, har funnet veien til enkelte butikker.

Kålrot selges til svært lave priser, noe som påvirker økonomien i flere ledd i verdikjeden. Lite tyder på at prisen vil gå opp med det første, men omsetningen vil øke til rundt det dobbelte i neste uke, dvs. over 1 000 tonn.

Salget av gulrot vil øke noe i neste uke, men produsentprisen vil sannsynligvis holde seg stabil en stund fremover.

Omsetningen av vanlige norske poteter og mandelpoteter er ventet å øke betydelig i neste uke, til henholdsvis nær 1400 og 600 tonn. Prisendringer blir det neppe.

**LANDBRUKSDIREKTORATET**

* **Les fullstendig tekst på: landbruksdirektoratet.no**

| Kr per kg | Målpris/ planlagt engrospris[1] | Engrospriser[2] | | | Veil. produsentpriser | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 1. halvår 2014–2015 | UKE 51 2015 | ENDRING FRA UKE 50 | ENDRING FRA UKE 51 2014 | UKE 51 2015 | ENDRING FRA UKE 50 |
| Ung okse, 250 - 325 kg kl. O2) | 57,50 | 58,10 | - | +1,80 | 46,03 | - |
| Ung ku, 200 - 225 kg kl. P | - | 55,30 | - | +1,80 | 42,85 | - |
| Kalv, 90 - 140 kg kl. O- | - | 58,20 | - | +1,80 | 44,41 | - |
| Lam, 16,1 - 23,0 kg kl. O | 70,50 | 69,30 | - | +1,80 | 46,16 | - |
| Slaktegris, gruppe 8 kl. E | 32,34 | 31,40 | -0,40 | +0,70 | 23,83 | -0,40 |
| Smågris, 25 kg per stk3) | - | 880,00 | - | +20,00 | - | |

1) Storfe er tatt ut av målprissystemet. Prisen er derfor en planlagt gjennomsnittlig engrospris for 1. halvår 2012.
2) Engrosprisene er knyttet til overskuddsområder på samme måte som målprisen for lam og gris, og planlagt engrospris for storfe. Imidlertid gjelder målprisene flere klasse og vektgrupper for de aktuelle dyreslag, slik at enrospris i tabellen ikke er direkte sammenlignbare med de aktuelle målprisene. I underskuddsområdene kan engrosprisen være inntil kr 1,00 høyere.
3) Smågrisprisen er en salgspris for helsegris.

Kilde: LD, Seksjon markeds- og prisutvikling

| VARESLAG | NOTERINGSPRIS PRODUSENT UKE 50 | FORVENTET ENDRING I PRODUSENTPRIS UKE 51 |
|---|---|---|
| Poteter | 427 | |
| Poteter, Kerrs Pink | 527 | |
| Mandelpotet | 737 | |
| Agurker, stk. | 689 | |
| Urter, potte, 12 cm | 1216 | |
| Tomater, klase, 500 g | 1545 | |
| Rapidsalat, stk. | 701 | |
| Crispysalat, 150 g pk. | 1193 | |
| Sjalottløk, 250 g | 584 | |
| Kepaløk, kg > 65 mm | 641 | |
| Kepaløk, kg 50-65 mm | 465 | |
| Salatløk, stk. | 947 | |
| Rødløk, kg | 840 | |
| Purre | 1544 | |
| Rødbeter, kg | 974 | |
| Andre beter | 1395 | |
| Hvitkål | 552 | |
| Rødkål | 686 | |
| Rosenkål, 0,4 kg flowpk. | 1460 | |
| Grønnkål, 200 g | 951 | |
| Kinakål, stk. | 869 | |
| Pepperrot, 100 g | 1266 | |
| Kålrot | 350 | |
| Reddiker, pose | 747 | |
| Gulrot, 1 kg flowpk. | 791 | |
| Gulrot, 10 kg vasket | 662 | |
| Knollselleri, kg | 1704 | |
| Stilkselleri, stk. | 1196 | |
| Pastinakk | 1584 | |
| Persillerot, 200 g pk. | 1355 | |
| Kruspersille, storbunt | 1959 | |
| Fennikel | 1016 | |

Produsentprisene registreres på tirsdager, men kan ved spesielle forhold endres gjennom uka. Prisen gjelder partivis levering av kl. 1 inkl. emballasje, fritt levert engrosforhandler på vedkommende sted om intet annet er nevnt.
For de enkelte produkter og steder oppgis en produsentpris som er et avrundet middel av oppgaver fra flere engrosforhandlere på hvert sted.
Alle priser oppgis i øre per kg eller anført enhet og er eksklusive merverdiavgift.

**LANDBRUKSDIREKTORATET**